

I 1863 kom diktsamlinga *Symra* av Ivar Aasen ut. Her finn vi dei mest kjente dikta hans, som «Nordmannen», «Gamle Norig» og «Dei gamle fjelli». Men Aasen skreiv mange fleire dikt som blei trykte ulike stader. Dei dikta vi presenterer her, var ikkje med i *Symra*.

Midsumar kveld

No var det vel tid til å sjå seg ikring
yver dei grønkande vollar
mot bergom, som standa so vent i ein ring
med sine blåleitte kollar.
Nær eller fjerr det smiler og lær.
Skal tru der er nokonstad venar' enn her?

Nei, slik ein forlokkande lysteleg kveld!
Kven skulde no vilja sova?
Kven vilde vel smøygja seg under ein feld
inni den trongrømde stova?
Alt ser so mildt, og alt er so stilt,
d'er reint som at verdi var fri fyr' alt ilt.

Det lyser i nord av ein endelaus dag;
natt hev me no ikkje nemna.
Men myrkret det vann då so ofte sitt slag,
no skal då ljuset seg hemna.
No er det tid til å gløyma sin strid
og vera som himmelen lysande blid.

Det vert ikkje lenge so lystugt som no:
ljuset vil dimmast og dovna.
det grøne vil gråna, og ingen ting vil gro,
livet i markom vil sovna.
Lat oss no då vel nøyta på
og taka goddagane, medan me deim få!

Haust

Endå ser eg ingen vetter,
endå er det fager haust.
Vistnog ser eg lauvet detter
eller heng på kvisten laust,
Men på ymse støde stomnar
stend det endå tolleg traust
Fyrr den gamle eiki sovnar
vil ho trøyta vel sin haust.

Sunnan koma milde guster
kvikande på liv og land
spela i dei gule ruster
kvite båra langs med strand
Ja, den låge soli lyser
sumarmildt på grøne jord,
til at morgonkjøla linkar
med si gust frå kalde nord.

Sume gule, sume snaude
hava bjørker hamen bytt;
so skal lauvet få sin daude,
men det kjem vel atter nytt.
Og i tette lag i lidom
stender gron og fura grøn,
inkje skiftest ho med tidom
vår og vetter like kjøn.

- 1 Kva stemning synest du det er i desse dikta? Korleis kan ulikt versemål ha noko å seie for korleis vi oppfattar innhaldet?
- 2 Kva i desse dikta viser at det er midtsommar og haust, i tillegg til tittelen?
- 3 Kven er det lyriske subjektet?
- 4 Dikta inneheld mange adjektiv. Finn dei, og sjå på kva funksjon dei får. Er det skilnad på dei to dikta?
- 5 Kva funksjon har spørsmåla i den første og andre strofa i «Midsumar kveld»?
- 6 Det er nokre kontrastar og besjelingar i desse dikta. Kva går desse kontrastane og besjelingane ut på?
- 7 Det skjer ei endring i siste strofa i «Midsumar kveld». Korleis?

Furte-visa

Fyrr var eg huga på stasen i verdi
alt som var stort, laut eg høyra og sjå,
men eg vart leid av mi møda på ferdi,
for kvar eg kom, vart eg jaga ifrå.

No kunde henda eg heller slapp til
No kan det gjera kva hunden det vil.

Fyrr var eg huga til leik og til gaman
både med små folk og store til blands;
då fekk eg inkje med folk vera saman,
ingen med meg vilde ganga i dans.

No kunde henda eg heller slapp til
No kan det gjera kva hunden det vil.

Fyrr var eg huga som andre at elska
gjekk med ein rikdom av kjærleik i barm;
då var eg møtter med illhug og fælska,
stødt mine voner var snudde til harm.

No kunde henda eg heller slapp til
No kan det gjera kva hunden det vil.

Gildaste tidi er gjengi til spille,
meir var eg laga, og meir var eg trengd;
då tok no verdi imot meg so ille,
kvar eg steig inn, vart eg ut atter stengd
No kunde henda eg heller slapp til
No kan det gjera kva hunden det vil.

No er det tid

No er det tid at du ordet nemner
og segjer berlegt, kor hugen stemner;
og kvik og modig du vera må,
det vil ei gjenta so gjerne sjå.

Og lat so inkje all voni fara,
um inkje gjenta so brådt vil svara;
for slik ein spurnad er alltid dryg,
og helst når vækja er ung og blyg.


Men hev ein fyrst fenge rom i barmen,
so fær ein ogso eit rom i armen.
D'er stundom ingen um elsken veit,
og endå er han båd' varm og heit

- 1 Dei seks verselinjene i kvar strofe i «Furte-visa» heng innhaldsmessig saman to og to. Korleis?
- 2 Kva er det det lyriske eg-et furtar over? Det er ein skilnad mellom før og nå. Kva består denne skilnaden i?
- 3 Gjer greie for gjentakingar og kontrastar. Kva funksjon har det?
- 4 Kva slags type dikt er «No er det tid»?
- 5 Kven er det lyriske subjektet?
- 6 Kva slags ord og spurnad er det snakk om her?
- 7 «No er det tid» har same form som nysteva. Finn ut meir om nysteva, og korleis dei er bygde opp. Syng gjerne diktet.

Oppgåver om form

Dikta til Ivar Aasen har fast strofemønster, enderim og fast rytme. Dermed høver dei godt som utgangspunkt for å sjå nærare på ulike formelement.

- 1 Aasen nyttar ofte kryssrim og parrim. Kva rim bruker han i desse dikta?
- 2 I «Furte-visa» er rimmønsteret A,b,A,b,c,c. Forklar kva det tyder når vi set opp eit rimmønster på den måten. Finn rimmønsteret i dei andre dikta.
- 3 Kva tyder det at ein vekslar mellom store og små bokstavar når ein finn rimmønsteret? Kva er skilnaden mellom trykklett og trykk tung utgang på verselinjene (mannlege og kvinnelege rim)?
- 4 Korleis er vekslinga mellom trykk tung og trykk lett stavingar i dikta? Kva versemål/rytme blir brukt? Dei vanlegaste versemåla er jambe, troké, anapest og daktyl.
- 5 Noko anna som skaper rytme og klang, er allitterasjonar og assonansar. Finn du døme på dette i dikta til Aasen?
- 6 Kva har forma å seie for innhaldet i diktet?



Ivar Aasen. Foto: Carl Størmer